

## **Utdeling av kulturprisen for Seljord 2021 v/ ordførar Beate Marie Dahl Eide**

Seljord kommune og Sparebankstiftinga Seljord delar ut kulturprisen for Seljord. Prisen består av ein sjekk på 20.000,- og ein bronseskulptur laga av Ellen Grøstad Barstad. Kulturprisen skal gå til ein eller fleire personar, ein institusjon, lag eller organisasjon som har gjort ein innsats utover det vanlege innan kultur eller idrett i Seljord. Prisen kan og gjevast til eldsjeler i det frivillige arbeidet, personar som kanskje ikkje er dei ein ser i fremste rekke.

Tildeling av kulturprisen vert avgjort av ei kulturprisnemnd der det er 3 representantar frå Seljord kommune og 3 frå Sparebankstiftinga.

Vinnaren i år er foreslått på bakgrunn av eit langvarig arbeid, sterkt engasjement og stor innsats for korpsrørsla i Seljord. Vedkomande er eit gjennomført korpsmenneskje som synes det er viktig å jobbe for at Seljord skal ha eit eige korps, noko som ikkje er ei sjølvfølge nå til dags når ungane har så mange fritidsaktivitetar å velgje mellom.

Prisvinnaren vert skildra som lågmælt, og ein person som likar å jobbe bak i kulissane. Ho trekkjer heller fram andre enn seg sjølv om det er nokon som skal heidrast.

Prisvinnaren har vore ein viktig del av korpset dei siste 15 åra, og har vore både leiar og kasserar i Seljord Skulemusikk i ei årrekkje. Ho har styrt korpset i medgang og motgang, og vert omtalt som ein inspirasjon for dei som kjem etter ho i leiinga i korpset. Ho er ein person som har usedvanleg god oversikt og overskot som alle i korpset nyt godt av både som medlem og som frivillig i støtteapparatet. Ho har alle reglar og søknadsfristar i hovudet og med henne ved roret har Seljord

Skulemusikk hatt god økonomi og rom for å tilby medlemmane sine å vere med på ulike arrangement til svært liten eigenandel. For få år tilbake sytte ho for å skaffe midlar til nye korpsuniformer.

Prisvinnaren vert vidare skildra som snill, humørfyllt og empatisk, og ho har stor omsut for alle medlemmane i korpset, frå liten til stor. Om nokon av ymse årsakar sluttar i korpset, så ringer ho personleg til foresatte for å høyre om det er noko leiinga i korpset kunne gjort annleis.

Dei siste åra har prisvinnaren vore primus motor i korpset sin loppemarknad. Det har bygd seg opp til å bli ein loppemarknad som er populær langt utover Seljord. Ho og mannen hentar lopper frå fjern og nær, og legg ned mange dugnadstimar på lagerrydding og sjauing. Etter at ho gjekk ut av styret er ho framleis engasjert i loppemarknaden, ho er framleis med på mange styremøter, og ikkje minst så er ho ein ressurs dei andre kan ringe til om det er noko.

Denne 17.mai'en, og mange andre 17.mai'ar, har heile familien delteke i korpset. Borna Julie og Kjetil kjem heim frå studiestadane og mannen Inge spelar stortromme, tek video eller ber fana.

Kulturprisnemnda stiller seg bak dei positive orda og omtalen som har kome frå forslagsstillarane, og det er ei glede for meg som ordførar i Seljord, på vegne av kulturprisnemnda, å få tildele  
INGER NORABERG Kulturprisen for 2021.

## **Utdeling av Kulturstipend for Seljord 2021 v/ ordfører Beate Marie Dahl Eide**

Seljord kommune og Sparebankstiftinga Seljord delar ut kulturstipendet for Seljord. Prisen består av ein sjekk på 20.000,- og eit diplom.

Kulturstipendet skal gå til kultur- eller idrettsutøvarar mellom 15 – 25 år, registrert som busett i Seljord kommune og som gjer ein innsats utover det vanlege innanfor sine område. Unge utøvarar kan òg sjølve søkje stipendet og grunngje søknaden.

Tildeling av kulturstipendet vert avgjort av ei kulturprisnemnd der det er 3 representantar frå Seljord kommune og 3 frå Sparebankstiftinga.

Kulturstipendet går i år til ein ung idrettsutøvar som allereie har markert seg kraftig innanfor sin idrett, og vert rekna som eit stort talent. Han har etablert seg heilt i toppen nasjonalt på svært kort tid, innanfor fleire øvingar, og skapt seg eit namn langt utanfor bygda.

Stipendvinnaren er friidrettsutøvar med sprint og lengde som sine disiplinar og Seljord er sett skikkeleg på friidrettskartet i Norge med det han har fått til. Han er Telemark sin suverent beste sprinter i si klasse, og nasjonalt ligg han på toppen.

Stipendvinnaren har gjort eit bevisst val ved å representere Seljord IL. Han vil vise, og viser, at det let seg gjera å bli god og ligge i toppen sjølv om han er ein utøvar frå ein liten klubb med eit lite friidrettsmiljø. Alle som fylgjer med i friidrett veit at Seljord har eit stort sprinttalent på gang. Det at stipendvinnaren bevisst har valt å representere Seljord IL, og har Seljord på ryggen, når han deltek på store stevner rundt omkring i landet er viktig og god reklame for bygda vår og for Seljord idrettslag, og det vert lagt godt merke til at Seljord har eit slikt talent.

Det er mange resultat og tider som kunne vore trekt fram. Av høgdepunkt frå sesongen 2020 finn vi 2 gull og 1 sølv frå Norgesmeisterskapet for ungdom, i klasse G16: Gull på 200m og i lengde, sølv på 100m. I tillegg tok han NM-sølv i lengde innandørs.

På Norsk Friidrett sin landsstatistikk for 2020 kan ein sjå at stipendvinnaren vart nr. 1 på 200 m, nr. 1 i lengde og nr. 2 på 100 m. Tidene hans på 100m og 200m kvalifiserar til ungdoms-OL og senior-NM. Han sette i 2020 nye kretsrekordar for Telemark både på 100 m og 200 m.

Det er berre vel to år sidan stipendvinnaren bestemte seg for å teste ut farta han til då berre hadde vist på fotballbana. Turen gjekk til Rune Wiborg i Herkules Friidrett. Etter det har det blitt mykje friidrett, mange turar til Skien, og han trenar standhaftig i både vind, regn og kulde på Eventyrøy - heile året.

Stipendvinnaren er ein stor motivator for andre unge i Seljord. Resultata han har nådd på friidrettsbana har gjeve ei merkbar auka interesse for friidrett i bygda. Fleire born blir motiverte til å byrje med friidrett, og det er veldig gledeleg. I vesle Seljord er det no blitt etablert ei løpegruppe på 5 sprintarar som er aktivt med på stevner og konkurransar. Det er mange år sidan sist!

Stipendvinnaren har ambisjonar og ynskjer å bli så god som råd, men han er oppteken av å bruke god tid på utvikle seg. Han har bevisst valgt vekk toppidrett på vidaregåande, for å kunne ha plass til både skule og kameratar. Trening får han nok av på fritida, og det er også klokt å bruke god tid med tanke på å førebygge skadar.

Stipendvinnaren vert skildra som ein framtidsretta ung utøvar, som skapar positivitet i eit bygdefolk, og som er eit positivt symbol som mange ser her i Seljord og Vest-Telemark. Han er ein suveren idrettsutøvar, som presterar veldig godt når han må. Han er ein god ambassadør for heimbygda.

Det er ei stor glede for meg som ordførar i Seljord, på vegne av nemnda, å få tildele **HERMAN HOGSTAD SVEINSSON** Ungdommens kulturstipend 2021.